



Bergen Luftteknikk AS
Hardangervegen 72
Seksjon nr. 24
5224 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/427 - 14/19458

Saksbehandlar:
Erik Knag Johannesen
erik.knag.johannesen@meland.kommune.no

Dato:
10.12.2014

Branntetting Meland Rådhus

Viser til Dykkar brev i saka av 5. desember.

Meland kommune står fast ved innhaldet i vårt tidlegare brev.

Kommunen meiner fortsatt at partane vart samde om minneleg løysing på ein reklamasjonssak. Dert er ikkje tvilsamt at partane erkjente ansvar etter reklamasjonen. Ein kom fram til at Bergen Luftteknikk AS kunne gjennomføre ein utbetring på vegne av alle involverte, og fakturere ut kostnadene høveleg til partane. Meland kommune godtok i samband med dette å betale kr. 30.000,-.

Når kommunen så blir presentert for nesten heile kostnaden med utbetringa i det som var ein reklamasjonssak blir dette utfordrande, både prinsipielt og praktisk.

Kommunen har, på visse vilkår, akseptert å fakturere dykkar krav vidare til dei andre partane i saka. Viser her til føregåande brev.

Underteikna kan ikkje sjå å ha avklart spørsmål rundt oppgjør per telefon. Det ville ha forordninga mot seg å ikkje avklare dette spørsmålet skriftleg. Det ligg e-postkorrespondanse frå 2. juni med utkast til dokumentasjon, og e-post 25. september frå underteikna med svar. Dette gjeld oversending av dokumentasjon. Korleis oppgjør skulle forgå og eventuell vidaresending av krav blei først eit spørsmål i e-post den 10.oktober.

Meland kommune meiner å ha strekt seg langt i denne saken. Bygget hadde feil og manglar, og vi kan ikkje sjå kva som er utidig i å krevje desse utbetra og betalt av dei ansvarlege.

Kommunen kan ikkje akseptere ein faktura som ikkje er riktig som grunnlag for å sende krav vidare. Vi ber derfor om at dette blir retta opp, slik at vedlegg til vidaresending blir korrekt.

Kommunen ber om nytt eller korrigert grunnlag for vidaresending av krav. Dersom de ønskjer å foreta ein delvis kreditering av sendte faktura, ber vi om at det blir lagt ved eit korrigert grunnlag for vidaresending av kravet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kva gjed forfall av Dykkar faktura 8473, held kommunen fast ved at vår betalingsplikt ikkje oppstår før kommunen har mottatt oppgjør for vidaresendte krav frå dei andre partane.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Erik Knag Johannesen
bygg- og eigedomsforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Bergen Luftteknikk AS

Hardangervegen 5224
72

NESTTUN